

Raudt, svart av Jon Fosse

Opplegget er laga av Nynorsksenteret.

Forankring i læreplanen

Verdigrunnet for opplæringa. Etisk bevisstheit er å vege ulike omsyn mot kvarandre og er nødvendig for å vere eit reflektert og ansvarleg menneske. Opplæringa skal utvikle evna elevane har til å gjere etiske vurderingar, og gjere dei fortrulege med etiske problemstillingar.

Folkehelse og livsmeistring: Verdival og betydninga av meining i livet, mellommenneskelege relasjonar, å kunne setje grenser og respektere andre sine, og å kunne handtere tankar, kjensler og relasjonar høyrer òg heime under dette temaet.

Demokrati og medverknad: Skolen skal fremje demokratiske verdiar og haldningar som motvekt mot fordømmar og diskriminering. Skolen skal òg skape respekt for at menneske er ulike, og elevane skal lære å løyse konflikhtar på ein fredeleg måte.

Kompetansemål:

Vg1: lese, analysere og tolke nyare skjønnlitteratur på bokmål og nynorsk og i omsetjing frå samiske og andre språk

Vg1: lytte til andre, byggje opp sakleg argumentasjon og bruke retoriske appellformer i diskusjonar

Vg1: greie ut om og drøfte norskfaglege eller tverrfaglege tema munnleg

Vg3: bruke fagkunnskap og presist fagspråk i utforskande samtalar, diskusjonar og munnlege presentasjonar om norskfaglege emne

Vg3: utforske og reflektere over korleis tekstar frå den realistiske og den modernistiske tradisjonen framstiller menneske, natur og samfunn

Før lesing:

For å få til gode og utforskande samtalar i klasserommet er det viktig at læraren er godt førebudd. Når samtalen tar utgangspunkt i ein litterær tekst, må læraren kjenne teksten godt. Tenk igjennom korleis du skal få alle elevane til å bidra inn i samtalen og kunne grunnge argumenta sine. Snakk med elevane om dei forventningane du og dei har til at ein slik samtale skal bli vellykka, og bli samde om nokre grunnleggande reglar.

Bruk gjerne IGP.

I – individuelt. Elevane tenker sjølv igjennom problemstillinga og noterer nokre stikkord. Hugs å gje nok tid til at alle får tenkt seg om.

G – gruppe. Elevane er i grupper på tre eller fire, og etter tur legg dei fram synspunkta sine. Det er viktig at alle bidrar inn i samtalen, og at alle er aktive lyttarar og lar alle snakke ferdig. Deretter kan dei diskutere vidare.

P – plenum. Førebu ein plenumssamtale i klasserommet, og få flest mogleg av elevane til å bidra. Gruppene kan førebu seg på å legge fram kvar sine moment til diskusjonen.

Om du vil lese meir: [Korleis førebu og få i gang utforskande samtalar](#). Ndla.

Under lesing:

Les teksten høgt i klasserommet. Elevane har ein kopi av teksten, og markerer ord dei ikkje forstår, medan teksten blir lesen. Snakk saman om orda elevane har markert.

Etter lesing:

Få innspel frå elevane på kva dei kan tenke seg å diskutere med utgangspunkt i teksten. Du kan også setje dei i gang med nokre av spørsmåla under.

Samtalespørsmål:

1. Kva får vi vite om personen i teksten? Korleis trur dokker at han har det?
2. Legg merke til dei stadane i teksten der vekkeklokka er nemnd. Kva forhold har han til vekkeklokka?
3. Vi kan også oppfatte vekkeklokka som eit symbol. Korleis?
4. Korleis oppfattar dokker hendinga med rotta?
5. Korleis er forholdet hans til heimen og foreldra?
6. Korleis har han det på hybelen sin?
7. Angst, einsemd og skuld er karakteristikkar vi kan knyte til personen. Korleis kjem det til uttrykk?
8. «Det er berre denne keisemda», seier han (s. 13). Korleis pregar keisemda han?
9. Han har vore mykje borte frå skolen. Får vi noka forklaring på kvifor?
10. Kva må til for at han skal komme seg på skolen, trur dokker?
11. Er det noko i teksten som kan peike på eit alternativ til å gå på skolen for han?
12. Kvifor bestemmer han seg for å reise heim?

Skriveoppgåver:

- a) Skriv ein tekst som begynner slik: Nå ringer den hersens vekkeklokka igjen! Eg drar dyna over hovudet og bestemmer meg for ikkje å gå på skolen i dag ...
- b) Skriv eit essay som tar opp korleis det kan vere utfordrande å vere elev og hybelbuar.
- c) Vel eitt av desse orda: angst, einsemd, skuld eller keisemd, og skriv enten eit [femlinjersdikt](#) eller ein korttekst der ordet er med.
- d) Skriv ein fagartikkel der du drøftar kvifor så mange unge synest det er vanskeleg å gå på skolen.

